

NVE  
Vannkraftkonsesjoner  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Deres ref.:  
Vår ref.: 1160-312-005

Dato: 22.10.2024

## **Søknad om mellombels fråvik for senking av vasstand under LRV, Nedre Dukavatnet, Samnangervassdraget**

Nedre Dukavatnet i Samnanger kommune blir regulert av Eviny Fornybar AS i samsvar med «*Manøvreringsreglement for regulering i Samnangervassdraget i Samnanger kommune og Kvam herad, Hordaland fylke*» av 27.06.2018.

Nedre Dukavatnet vert regulert med 20,8 meter, med HRV på kote 799,2 og LRV på kote 778,4.

Eviny Fornybar AS søker om fråvik frå manøvreringsreglementet for å kunne senke Nedre Dukavatnet inntil kote 776,4 i 2025. Dette er 2,0 meter under LRV, som ligg på kote 778,4.

I 2026 søker Eviny Fornybar om fråvik inntil kote 777,4. Dette er 1,0 meter under LRV. Det vert sendt eigen søknad om dette seinare dersom NVE ikkje kan gje handsame dette tiltaket samtidig med søknaden for 2025.

Alle høgder er gitt i lokal høgde.

Det er behov for å senke vasstand under LRV både i 2025 og 2026. Eviny søker om å senke vasstanden i perioden 16. juni til og med 30. september for begge åra. I 2025 er det behov for å føre opp ein permanent fangdam i betong med bjelkestengsel framfor tappetunnelen, og i 2026 er det planlagt rehabilitering av tappeluka i denne tappetunnelen. Den nye fangdammen vil samstundes også etablert ein terskel som sikrar LRV i magasinet ved seinare drift.

Søknaden gjeld for perioden frå og med 16. juni til og med 30. september i 2025, og same periode i 2026. Det er ikkje behov for å senke vasstanden under LRV i heile perioden, ein ventar at det det faktiske behovet er rundt seks veker. Eviny Fornybar søker likevel om ein lengre periode, for å sikre seg mot uføreseielege hendingar, så som tilhøve knytt til vêr, anleggsteknikk eller logistikk. Magasinet ligg i eit område utan veg der all transport må skje ved hjelp av helikopter.

Fangdammen må kontaktstøypast mot berg. Det er ein del lausmassar og store steinblokker som må handterast med maskin i området framfor tappetunnelen. Følgeleg er det både kostbart og tidkrevjande å få reinska til berg, slik at ein kan få

nøyaktige innmålingar av bergoverflata. Når ein i 2025 søker om å få senke LRV med inntil 2 meter kjem det av eit fagleg skjønn, der ein har vurdert kor mykje lausmassar det kan vere over bergoverflata. I røynda er behovet å få senka LRV til bergoverflata der fangdammen skal byggast. Ytterlegare senking av vasstanden er det ikkje behov for.

I 2026 reknar ein med at fangdammen er ferdig bygd og ein skal i utgangspunktet ikkje trenge å måtte senke LRV dette året for å kunne arbeide tørt i tappetunnelen. Ein søker likevel også i 2026, for å sikre framdrift i prosjektet for å sikre seg mot uføreseielege hendingar, så som tilhøve knytt til vêr, anleggsteknikk eller logistikk.

Arbeida er planlagt utført slik at ein slepp vatn forbi inntil arbeidsdagens start, og held vatnet i magasinet tilbake i løpet av arbeidsdagen. Ved slutten av arbeidsdagen vil ein opne for å senke magasinet. Nedstraums av tappetunnelen renn vatnet ned mot Dukafossen, der vatnet blir tatt inn i Dukabotn bekkeinntak. Det er ikkje krav om minstevassføring på strekninga mellom Nedre Dukavatnet og Dukabotn bekkeinntak på driftstunnelen til Kvitingen kraftverk. Eviny ser ikkje at tiltaket har særlege hydrologiske konsekvensar nedstraums av magasinet som er Svartevatnet (inntaket for kraftverket) og Kvitingsvatnet nedstraums kraftverket.

Det føreligg ikkje kartleggingar av magasinet av nyare dato. Eldre loddingar frå 1930 viser at ei senking frå kote 778 til 777 utgjer eit volum på 104600 m<sup>3</sup>. Ei senking frå kote 777 til 776 utgjer ytterlegare 94 500 m<sup>3</sup>.


I Nedre Dukavatnet finnes bruaure, og det er gjort prøvefiske 2001, 2013 og 2024. I undersøkelane både i 2001 og 2013 vart bestanden beskriven som «under middels tett bestand», med naturleg rekruttering.

Senkinga av vasstanden under LRV i perioden det er søkt om, er i ein periode det ikkje påverkar gyting eller er fare for tørrlegging av rogn. Senkinga av vasstanden under LRV kan påverka fisken sin tilgang til mat. Sjølv om Eviny søker fråvik frå LRV i heile vekstperioden, vil ikkje vasstanden verte halden så låg heile vekstsesongen. Ei kortvarig senking av Nedre Dukavatnet under LRV vil ha minimale konsekvensar for fisk og andre vasslevande organismar. Vatnet har ei reguleringshøgde på over 20 meter, og det visuelle inntrykket vil ikkje skilje seg vesentleg med omsøkte fråvik.


Venleg helsing  
Eviny Fornybar AS

Helge Tjelmeland


prosjektleder



Figur 1 Vassstrengen i Samnagervassdraget er nytta i 5 kraftverk som tilhøyrrer Eviny. Kraftverket i Tyssefossen ved fjorden er ikkje med å denne skissa



Figur 2 Kartet viser Samnagervassdraget med Nedre Dukavatnet øvst i vassdraget (blå ring)



*Figur 3 Nedre Dukavatnet med senkingstunnelen. Øvt til høyre er tappetunnelen fra Øvste Dukavatnet markert*



*Figur 4 Nedste Dukavatnet vart regulert i 1938 då senkingstunnelen og dammane vart bygde. Den gang var berre Frøland kraftverk fra 1912 bygd i vassdraget. På flyfoto ligg lukehuset til venstre og Eviny sitt naust til høyre. Eviny si driftshytte kan skimtast nest i bildekanten*



Figur 5 Inntaket ligg ute i magasinet bak helikopteret. Til venstre ser vi lukehuset. Det er straum (1000V-ledning) fram til lukehuset



Figur 6 Luka og lukeopptrekket er det originale frå 1937. Luke med opptrekk skal etter planen skiftast sommersesongen 2026. I lukehuset er også utstyr for vannstandsmåling og fjernstyring av luka.